



## Referat frå kommunemøte 20. juni 2024

**Deltakarar:** Statsforvaltaren, kommunane, Vestland fylkeskommune, UDI, Helse Bergen, Haraldsplass, Mattilsynet, IMDI og Helse Fonna

**Ikkje til stades:** Austevoll, Fedje, Høyanger, Kinn, Kvinnherad, Luster, Masfjorden, Modalen, Sogndal, Stad, Sunnfjord, Tysnes, Ullensvang, Ulvik, Vaksdal og Vik

### 1. Innleiing om den tryggleikspolitiske situasjonen

Det internasjonale atomenergibyrået (IAEA) sa i sin oppdatering 13. juni at deira team har høyrt fleire eksplosjonar i området ved Zaporizhzhya-anlegget. Ein av eksplosjonane var så nær anlegget at det gir alvorleg grunn til uro og forvollar ein allereie skjør situasjon. Ved dei andre atomkraftverka held IAEA-team m.a. møte med verksemndene. Trass effektane av den pågåande konflikten, m.a. flyalarmar, rapporterer teama at atomtryggleiken vert opprettheldt. IAEA følgjer spesielt med på situasjonen når det gjeld ekstern kraftforsyning. Det er fordi bortfall av kraft har potensial til å vere alvorleg, på grunn av dei høge kjernebrenseltemperaturane for reaktorar som framleis er i drift.

I følgje ISW manipulerte eit russisk statsmedium eit intervju med generaldirektøren i IAEA, for å klandre Ukraina for angrep mot det russisk-okkuperte Zaporizhzhia-anlegget. ISW ser dette som eit forsøk på å legitimere den ulovlege okkupasjonen av Ukraina.

I bakkekampane ser det framleis ut til at det er Russland som har initiativet, sjølv om ISW i går meldte at ukrainske styrkar hadde gjenerobra stillingar nær Starytsja. Det vert òg med jamne mellomrom meldt om hendingar der ukrainske dronar har vellykka angrep mot russisk sivil og militær infrastruktur. Det ser særleg ut til at Ukraina prøver å råke forsyninga av drivstoff.

På den diplomatiske fronten har det særleg vore fredstoppmøtet i Sveits i førre veke, og Putin si reise til Nord Korea, som har fått merksemd dei siste dagane. Det store fleirtalet av land og internasjonale organisasjonar som deltok i Sveits 15. til 16. juni, signerte eit felles kommuniké som stadfesta støtte til Ukraina sin suverenitet og territorielle integritet.

President Putin og Kim Jong-un undertekna i Pyongyang i går ein omfattande strategisk partnarskapsavtale. I følgje ISW er sannsynlegvis siktemålet delvis å bruke militærtteknisk samarbeid med Nord-Korea som ein trussel mot Vesten, for å motverke auka støtte til Ukraina. Russland og Nord-Korea ramma i stor grad inn avtalen som bevis på dei gjensidige støtte, som ein del av ein felles kamp mot Vesten. Dei signaliserte at dei deler eit mål om å utfordre Vesten og dagens verdsorden.

ISW melder at lufttrafikkontrollkommunikasjon (ATC) frå internasjonalt luftrom over det nordaustlege Atlanterhavet ser ut til å vise det første stadfesta tilfellet av GPS-jamming på kommersielle transatlantiske ruter.

ISW skriv òg at eit russisk Su-24 taktisk jagarbombefly 14. juni krenka svensk luftrom aust for sørspissen av Gotland. Dette vert tolka som ein del av eit forsøk på å frarå europeiske statar å delta i NATO og andre internasjonale institusjonar som støttar Ukraina.

ISW seier òg at utreinskningane i det russiske forsvarsdepartementet held fram. På måndag vart fire viseforsvarsministrar sparka. Putin erstattar dei til dels med eigne slektingar og born av andre høgtståande russiske tenestemenn. I tillegg vert det utnemnt økonomiske rådgjevarar for å forbetra krigsøkonomien.



## 2. Flyktningsituasjonen

### Orientering frå UDI v/Njård Håkon Gudbrandsen

Det er venta færre tilkomstar enn i fjor, om lag 35 000. Ut i frå tilkomsttala så langt i åre, er dette anslaget truleg høgt. Det vil kome oppdaterte prognosar for tilkomsttal seinare i juni.

Det er god kapasitet på mottaka. Per i dag er ca. 9000 av 17 000 plassar i bruk. Det er satt i gang ein prosess med å erstatte akuttinnkvarteringar med ordinære plassar. Grunnen til dette er eit behov for eit meir langsiktig behov for innkvartering. Det er venta at tal bebuarar i mottak vil auke.

Det er elles lang butid for flyktninger som ikkje har rett til kollektiv skjerming.

### *Presentasjonen til UDI vert lagt ved referatet.*

### Orientering frå IMDi v/Cathrine Vidme

Det er god flyt og høgt busettingstempo i kommunane. Grunna sesongvariasjonar er det venta lågare busettingstempo i juni. Det likevel viktig å halde tempo oppe framover, da det er barn og unge i mottak som venter på busetting.

IMDi ser at det er ei avgrensa innmeldt kapasitet for busetting av einslege mindreårige utan følgje. Dette fører til auke ventetid i mottak. Det er i dag einslege mindreårige som er i ferd med å fylle 18 år. Det er særskilt press på å få desse busett. Egna buform for denne gruppa er bufellesskap.

Grunna færre tilkomstar, justerer IMDi ned mellombels måltal for busetting frå 37 000 til 30 000 i år. Talet er framleis høgt og det er stor uvisse for kva som ventar til hausten, så det er viktig å halde busettingstempoet oppe.

### *Presentasjonen til IMDi vert lagt ved referatet.*

## 3. Stortingsmelding 27 (2023-2024) Tryggare framtid - førebudd på flaum og skred

I slutten av mai la regjeringa fram Stortingsmelding 27 om flaum og skred. Regjeringa ønskjer å styrke arbeidet med førebygging for å auke tryggleiken hjå innbyggjarane. Førebygging omfattar både sikringstiltak og tiltak knytt til kartlegging, arealplanlegging, overvaking og varsling. Det går òg fram at beredskapen og krisehandteringen òg må styrkast.

Det er mange tiltak i stortingsmeldinga som treff kommunane, mellom anna reduksjon i distriktsdelen ved gjennomføring av sikringstiltak og styrking av arbeidet med arealplanlegging inkl. gjennomgang av krava til naturfare i plan- og bygningsloven og byggeteknisk forskrift.

### Særskilt om tiltak knytt til heilskapleg risiko- og sårbarheitsanalyse

Regjeringa vil styrke oppfølginga av funn i heilskapleg risiko- og sårbarheitsanalyse (ROS). Dei ønskjer å styrke krava til kunnskapsgrunnlaget som ligg til grunn for gjennomføringa av analysen, og vil tydeleggjere og styrke samanhengen mellom heilskapleg ROS etter sivilbeskyttelseslova og risiko- og sårbarheitsanalysar etter plan- og bygningslova.

Meldinga peiker m.a. på at *“fare for eksisterande busetnad skal vurderast på eit overordna nivå, i tråd med krava om heilskapleg risiko- og sårbarheitsanalyse..”*. Vidare at *“Funn frå heilskapleg ROS er eit viktig informasjonsgrunnlag for prosessar og utarbeidning av planar etter planar etter plan- og bygningslova”*. Her kan det ventast at det kjem presiseringar som vi vil følgje opp i vårt tilsynsarbeid og ved rettleiing.

### Stortingsmeldinga kan lesast her.



## 4. Orientering om fugleinfluenta og tiltak for å førebu seg på eit eventuelt utbrot v/[Ingeborg Slettebø Wathne, Mattilsynet](#)

EFSA (Den europeiske myndigheit for næringsmiddeltryggleik) overvake spreiing av fugleinfluenta. Dei har påvist færre sjuke fuglar denne sesongen og lågare dødelegheit. Det er identifisert fleire ulike virusvariantar enn tidlegare, og for første gong i Europa er det påvist smitte hjå passedyr (raudrev i Noreg). Det er sjeldan sjukdommen smittar til menneskjer.

Mattilsynet venter ei auke i smitte hjå kolonihekkande fuglar. Koloniar med større samlingar av hekkefuglar må overvakast. Det er viktig å unngå å forstyrre område med utbrot.

Mattilsynet har gjennom våren førebudd seg på eit utbrot og delt informasjon med relevante aktørar. Erfaringar frå Finnmark i fjord viser at det er viktig med tideleg koordinering og informasjon mellom etatar når det oppstår eit utbrot.

Mattilsynet har tre råd til korleis kommunane kan førebu seg:

- Kontakt lokal mattilsynsavdeling, statsforvaltar og avfallsselskap inkl transportørar
- Kartlegge behov for personell (plan for ferieavvikling)
- Vurdere løysingar for innsamling av transport og handtering av døde og ville fuglar

[Meldingsfunksjonen til Mattilsynet om innmelding av sjuke eller døde fuglar \(eller dyr\) ved mistanke om fugleinfluenta finn de her.](#)

[Mattilsynet sin informasjonsside om fugleinfluenta finn de her.](#)

*Presentasjonen til Mattilsynet og informasjonsbrev om situasjonen og tilrådde tiltak vert lagt ved referatet.*

[Kommentar frå Tore Larsen, miljøavdelinga hjå Statsforvaltaren](#)

Årets kartleggingar av sjøfuglbestanden i Sogn og Fjordane viser ingen sjuke fuglar. Bestanden er nå så liten at det er lite truleg med eit større utbrot.

[Kommentar Kjell Aske, Gloppen kommune](#)

Under eit utbrot i august i fjor gjorde kommunen seg fleire erfaringar. Utbrotet varte i rundt 14 dagar og av ei bestand på 250 måsar døde 51 (plukka 3-5 fuglar kvar dag gjennom utbrotet). Dei noterte seg mellom anna følgjande erfaringspunkt:

- Dei opplevde å få god informasjon frå Mattilsynet.
- Kommunen har ansvar for skada og dødt vilt, og det er viltnemnda som skal stå for avliving.
- Det er viktig med rask informasjon ut til befolkninga.
- Det er ei fordel om meldingar om skadd/død fugl går rett til kommunen slik at dei kan handtere dei raskt.
- Dei rapporterte dagleg til Mattilsynet.

## 5. Orienteringssaker fra Statsforvaltaren

[Kommunemøte hausten 2024](#)

Vi halde fram med å invitere til faste beredskapsmøte til hausten. Første møte etter sommaren er planlagd torsdag 29. august.

Vi får jamleg førespurnad om møteinnkallingane kan sendast til konkrete personar i kommunane. Dette gir oss store veldig konkrete lister som er krevjande å vedlikehalde. Vi kjem difor no til å berre sende invitasjonane til kommunedirektørar/rådmenn, beredskapskontaktar og



## Statsforvaltaren i Vestland

komuneoverlegar/smittevernlegar, og så må den enkelte kommune sjølv vidaresende innkallinga til andre internt. Vi vil halde fram med å sende informasjon til dei regionale aktørane som har bedt om det.

### Oversikt over funksjonsøvingar hausten 2024

Vedlagt ligg eit oversyn over datoar for planlagde funksjonsøvingar i RAYVN, Nødnett og satellittelefon for hausten. Vi tek atterhald om at det kan kome endringar i oppsettet.

Vi oppmodar alle om å delta på så mange øvingar som mogleg, men ber om at alle kommunar som eit minimum prioritatar å delta på minst éi øving i RAYVN og Nødnett i løpet av hausten og satellittelefonøvinga i desember.

Funksjonsøvingane vil ha avgrensa lengde, og maksimalt krevje ein times arbeidsinnsats frå kommunen. Detaljert informasjon om øvingane vil bli sendt til RAYVN-administrator og/eller beredskapskontakt i kommunane i minst tre veker før øvingane.

### Mediehandteringskurs – eventuelle dagskurs i oktober

I februar arrangerte vi dagskurs i medietrening for ordførarar, med særleg merksemd på handtering av uønskte hendingar og krisekommunikasjon. Vi fekk førespurnad frå fleire som ikkje hadde høve til å delta på kurset om å gjennomføre eit kurs til. Vi ser difor på om det kan vere aktuelt med eit kurs i oktober.

I så fall vil Sølve Stang frå [Stang Media](#) igjen ha ansvaret for det faglege innhaldet. I denne runden tenker vi å legge kurset ein stad i nordlege delar av fylket. Viss interessa er stor, kan det vere aktuelt å ha kurs over fleire dagar. Vi vil truleg ikkje fasilitere nye kurs før etter neste kommuneval.

Kurset er først og fremst er nyttig for ordførarane, men vi opnar òg opp for deltaking frå rådmenn/kommunedirektørar. Prisen er etter eit sjølvkost-system (den prisen som Stang media fakturerer + møtemat/-rom).

Vi ønskjer i første omgang å kartlegge interessa hjå ordførarar og kommunedirektørar/rådmenn om å delta på eit slikt kurs og ber difor om at de svarer på forms-skjema innan neste fredag:

[Mediehandteringskurs i oktober - kartlegging av interesse](#) (ikkje binande påmelding).

[De kan lese ei artikkel om kursdagane i februar her.](#)

[U.OFF. GAP-analyse: Kartlegging av primærhelsetenesta i samband med sivil-militær helseberedskapsplanlegging – påminning om å sende oss spørjeskjema](#)

Vi takkar for tilbakemeldinga vi har fått frå dei 31 kommunane som har svart på excel-arket med spørsmål. Vi ber dei 12 kommunane som ikkje har svart (Alver, Askvoll, Fedje, Kvinnherad, Lærdal, Solund, Stad, Stord, Sveio, Vaksdal, Vik og Årdal), om å gjere det så snart som mogleg.

Vi skal gjere ei samla vurdering for Vestland, av gapet mellom faktisk og venta tilstand for å kunne yte forventa tenester i alvorleg tryggleikspolitisk krise og krig. Da er vi avhengige av eit best mogleg kunnskapsgrunnlag.

*Neste planlagde kommunemøte er torsdag 29. august, kl. 13.30-15.00.*